

2014 -  
2022

# Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv



Foto: Kåre Eik

# Føreord

---

Folkehelsemeldinga “god helse – felles ansvar” set opp tre ambisiøse mål for folkehelsearbeidet i Norge.

- Vi skal gjera Noreg til eit av dei 3 landa med høgast levealder
- Vi skal redusera helseklnader og befolkninga skal oppleve fleire leveår med god helse og trivsel
- Vi skal skape eit samfunn som fremjar helse i heile befolkninga

Arbeidet for ei god folkehelse må gjerast i alle sektorar i samfunnet. Både i privat, offentleg og frivillig sektor finn ein aktørar som er svært viktige i folkehelsearbeidet.

Fysisk aktivitet er eit viktig verkemiddel for å nå måla. Inaktivitet er framtida si store helseutfordring. Frå helsedirektoratet er det anbefalt at vaksne og eldre er i fysisk aktivitet minst 30. min dagleg, medan born og unge vert anbefalt minst 60 min. fysisk aktivitet. Det er gjort omfattande kartleggingar som viser at nordmenn flest (83% av befolkninga i 2007) ikkje er i aktivitet slik anbefalingane seier. Vår fysiske aktivitet i form av trening og mosjon på fritida kompenserer ikkje for den generelle nedgangen i kvardagsaktiviteten vår. Nordmenn bevegar seg langt mindre til fots og med sykkel enn andre europearar, frå ein stad til ein annan, eller til andre daglege gjeremål. Det er ingen grunn til å tru at innbyggjarane i Kvinnherad kommune kjem betre ut enn landsgjennomsnittet for dette. For å auka det generelle aktivitetsnivået må vi gjere ein felles innsats. I tillegg må det vere tilrettelagt for aktivitet i nærmiljøet. Det må leggjast til rette for anlegg, areal og infrastruktur som gjer det enklare å vera i aktivitet. Dei sunne og aktive vala må gjerast enkle.

Det er ei målsetjing i planarbeidet å fremje tiltak som medverkar til ei god folkehelse i tråd med nasjonale og regionale satsingar. Med bakgrunn i dette vil planen mellom anna setja fokus på:

- Anlegg, areal og infrastruktur som gjer det enklare å vera i aktivitet
- Nærmiljøanlegg som prioriterer born som fell utanfor anna aktivitet
- Fagleg kompetanse
- Anleggsområde som inkluderer alle
- Satsing på frivillig sektor
- Satsing på friluftsliv

## **Innhold**

Innhold .....	2
Situasjonsskildring .....	4
Demografi og folketallsutvikling .....	4
Folkehelseprofil for Kvinnherad .....	4
Geografi .....	5
Planstrategi, mål, omfang og avgrensinger .....	5
Mål for planarbeidet .....	5
Overordna føringar for planarbeidet .....	6
Omfang og avgrensinger .....	6
Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og nærmiljø – Kvinnherad kommune 2000-2004:	
Resultatvurdering av førre plan med statusoversikt .....	7
Handlingsmål for idrett i perioden 2000-2004 .....	7
Utbygging av anlegg i perioden 2000-2004 .....	8
Handlingsmål for friluftsliv i perioden 2000-2004 .....	9
Nærmiljøanlegg i perioden 2000-2004 .....	9
Fysisk aktivitet, Idrett og Friluftsliv .....	10
Prioriterte målgrupper .....	10
Fysisk aktivitet .....	12
Idrett .....	14
Friluftsliv .....	21
Anlegg .....	25
Anleggsituasjonen i Kvinnherad .....	25
Ordinære anlegg .....	25
Nærmiljøanlegg .....	33
Kommunale leikeplassar .....	35
Utfordringar innan anleggsbygging i Kvinnherad .....	38
Finansiering av idrettsanlegg .....	41
Husnes idrettssenter .....	43
Regional plan for idretts og kulturanlegg .....	43
Oppsummering .....	44

Handlingsprogram 2014-2022..... 45

## **Situasjonsskildring**

### **Demografi og folketallsutvikling**

Innan utgangen av 2012 er folketalet i Kvinnherad 13 305 personar. Sjølv med stabilt folketal er det reduksjon i årlege fødslar. Fødselstala no ligg under 150 og vil truleg reduserast ytterlegare ned mot 100. Ungdom flyttar i liten grad heim etter avslutta utdanning. Dermed minkar den fertile gruppa samstundes som snittalderen på innbyggjarane aukar. Kvart år er det mellom 50 og 100 fleire som flyttar ut enn inn. Vekst i netto innvandring til kommunen gjer likevel at folketalet er stabilt. Det er talet på personar over 60 år som aukar og auken er langt større enn før. Denne auken vil halda fram. Dermed vil fleire gå ut enn inn av arbeidslivet. Resultatet vert nedgang i yrkesaktive personar. Det er nedgang i barnetalet. Særleg gjeld dette talet på førskuleborn. Utkantane har hatt noko betre folketalsutvikling enn før, jamvel om det er nedgang. Det same ser vi i nokre av dei større bygdene. Når folketalet likevel stig, skuldast det kraftig vekst i bygdene Sunde og Valen. Saman med Husnes er dette snart ein tettstad større enn byen Odda. Det meste av bustadbygginga kjem i meir sentrale deler av kommunen. Byggjeklare tomter har innverknad på kor folketalet aukar.

### **Folkehelseprofil for Kvinnherad**

Folkehelseinstituttet utarbeidar folkehelseprofil for alle kommunar i landet, denne er eit bidrag til kommunen sitt arbeid med å skaffa seg oversikt over helsetilstanden i befolkninga, og dei faktorar som påverkar denne. Folkehelseprofil for Kvinnherad 2013 syner at Kvinnherad kommune har særlege utfordringar på fleire område innan temaområda levevanar og helse og sjukdom. Fysisk aktivitet saman med eit variert kosthold er viktige verkemiddel for å møta desse utfordringane.

Grunnlaget for vanar knytt til kosthold og fysisk aktivitet vert lagt tidleg i livet. Utviklinga av fedme og overvekt kan bremsast gjennom målretta tiltak mot born og deira fysiske og sosiale miljø. Som eigar av skular og barnehagar har kommunen ein unik mulighet til å leggja til rette for at born får positive erfaringar med sunn mat og fysisk aktivitet. Gjennom utforming av det fysiske miljøet kan kommunen leggja til rette for fysisk aktivitet og sosial kontakt mellom menneske. Ved å planleggja fysiske omgjevnader med tanke på helsefremjing kan vi bidra til betre fysisk og psykisk helse i befolkninga. Møteplassar i nærmiljøet kan ha betyding for psykisk helse, samstundes er det lettare å vera fysisk aktivedersom nærmiljøet er trygt og innbyr til aktivitet.

Vaksne og eldre vert anbefalt å væra i fysisk aktivitet i minst 30 min. dagleg, medan born og unge vert anbefalt minst 60 min. dagleg fysisk aktivitet. Folkehelsebarometeret syner at det på landsbasis er stor variasjon mellom dei ulike aldersgruppene når det gjeld i kor stor grad

dei oppnår anbefalt aktivitetsnivå. I alderen 6-16 år kan vi sjå at andelen jenter som oppnår anbefalt aktivitetsnivå er lågare enn andelen gutter som når dette nivået.

Kvinnherad kommune skal ha fokus på desse utfordringane mellom anna gjennom auka fokus på gode nærmiljøanlegg i tilknyting til skular og barnehagar og gode rammetilhøve for idretts og friluftslag. Kommunen bør særleg prioritera anlegg og tiltak som er retta mot jenter i alderen 6 – 15 år.

Det føregår arbeid i Kvinnherad med å utarbeida ei folkehelseoversikt for Kvinnherad som i tillegg til sentrale tal er basert på lokale forhold. Arbeidet er venta ferdig i slutten av 2014. Resultata av dette arbeidet vil vera viktige faktorar å ta omsyn til i framtidige prioritering og planlegging innan idrett, fysisk aktivitet og friluftsfeltet.

## **Geografi**

Ungdomsskulekrinsane har til no vore det naturlege geografiske område for anleggsutbygging. Sonene Hatlestrand, Rosendal, Husnes og Halsnøy kan i dag tilby brukarane eit variert idretts- og friluftsliv. I kvar sone finn vi eit sett med kommuneanlegg og private anlegg som gjev innbyggjarane eit godt allment anleggstilbod for organisert idrett. For at idrettslag skal halda fram og utvikla det gode frivillige arbeidet dei gjer med born og unge er det viktig at desse anlegga har tilfredstillande standard.

Til fleire av barneskulane våre ligg det ulike nærmiljøanlegg som fungerer som gode uteområde for skulane, samt gode arenaer for eigenorganisert fysisk aktivitet. Døme er ballbingar som er sett opp i fleire bygder.

Ved å gjera naudsynte oppgraderingar på eksisterande anlegg og vidareutvikla nærmiljøanlegga i tilknyting til skulane, vil kommunen ha tilfredsstillande anleggsdekking i sonene.

Vi må likevel vere budd på at det er naudsynt å etablera nokre nye anlegg. Husnes er Kvinnherad kommune sitt skule og idrettssenter. Ved bygging av større anlegg og spesialiserte anlegg bør desse i hovudsak planleggast til Husnes idrettssenter.

## **Planstrategi, mål, omfang og avgrensingar**

Bakgrunnen er Planstrategi for Kvinnherad kommune i valperioden 2011 – 2015 med prioritertete planoppgåver vedteken i Kommunestyret 25.10.2012.

## **Mål for planarbeidet**

- **Å utarbeida mål for kommunen si satsing på idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv**
- **Å setja mål for anleggsutbygging og sikring av areal til idretts- og friluftsaktivitetar**
- **Å analysera kva anlegg kommunen treng på kort og på lang sikt**
- **Å synleggjera aktivitetar og fysisk fostring som fremjar ei god folkehelse**

## **Overordna føringer for planarbeidet**

Temaplanen tar omsyn til statlege føringer og målsetjingar. Vi viser til følgjande styringsdokument.

- Stortingsmelding nr. 26 (2011-2012) Den norske idrettsmodellen
- Stortingsmelding nr. 34 (2012-2013) Folkehelsemeldingen. God helse – felles ansvar
- Stortingsmelding nr. 39 (2000-2001) Friluftsliv – ein veg til høgare livskvalitet
- Nasjonal handlingsplan for statlig sikring og tilrettelegging av friluftsområder (2014-2020) T-1534.
- Nasjonal strategi for eit aktivt friluftsliv (2014-2020) T-1535
- Føresegner om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet – 2013 V-0732 N

Hordaland fylkeskommune sin fylkesdelplan “Aktiv kvar dag – Fylkesdelplan fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv” for perioden 2008-2012, legg til grunn ein visjon om at “Innbyggjarane i Hordaland skal kunne vera ”aktiv kvar dag” etter eigne ønske og føresetnader på allment tilgjengelege område i naturen og i anlegg i nærleiken av der dei bur.

Hordaland fylkeskommune sin folkehelseplan “fleire gode leveår for alle – regional plan for folkehelse”. Planen tar opp følgjande temaområde:

- Heilskapleg folkehelsearbeid og universell utforming
- Lokalsamfunn, nærmiljø og bustader
- Oppvekst og læring
- Arbeid og arbeidsplassen
- Aktivitet og sosial deltaking

## **Omfang og avgrensingar**

Planprogrammet er utarbeidd med bakgrunn i § 4 – 1 i Plan og bygningsloven. Dette er ein kommunedelplan utan arealDEL. Det tyder at det ikkje er krav til konsekvensanalyse. Planen vil ha ei skildring av eksisterande anlegg og trong for anlegg og aktivitetar i framtida.

Innhaldet i planen vert ein viktig del av Kommuneplanen, arealDEL og samfunnsDEL. Planen skal rullerast og fokus vert meir aktivitetsutvikling enn anleggsutvikling.

Planen legg opp til å avklara kommunal finansiering både til anleggsutbygging og til tiltak for auka fysisk aktivitet.

# **Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og nærmiljø – Kvinnherad kommune 2000-2004: Resultatvurdering av førre plan med statusoversikt**

## **Hovudmål 2000-2004**

*“Eit overordna mål for tilrettelegging av anlegg og område for idrett, friluftsliv og nærmiljø er å sikre alle grupper av befolkninga gode moglegheiter til fysisk aktivitet der dei bur”*

## **Handlingsmål for idrett i perioden 2000-2004**

**Fastelegge arealbruk i dei kommunale idrettsanlegga ved å utarbeide eigne reguleringsplanar:** Det er ikkje utarbeida reguleringsplanar for dei kommunale idrettsanlegga. De pågår eit arbeid i 2014 med områdeplan på Husnes der arealavsetning til idrett er inkludert.

**Utvikle Husnes vidare som kommunen sitt idrettssenter med base i Husneshallen:** Arbeidet med Husnes som idrettssenter har stoppa opp. Ny plan legg opp til at dette arbeidet skal tas opp att.

**Arbeide for å opprette stilling som idrettskonsulent:** Det er ikkje tilsett idrettskonsulent i Kvinnherad kommune. Arbeidet er lagt til kontor for allmenn kultur. Bemannninga er redusert. Det er framleis behov for ein idrettskonsulent.

**Arbeide for å auke tilskotsramma for byggetilskot:** Kommunalt byggetilskot er fjerna som post på investeringsbudsjettet. Det vart i 2009 gjort vedtak om å tilbakeføra byggetilskotet som eigen post på driftsbudsjettet på til vanleg 1 000 000,- Dette er ikkje følgt opp. Det er løyvd mindre summar til føremålet innanfor Kultur og fritid sitt driftsbudsjett.

**Opprette budsjettpost på 150 000,- for tilskot til investering og utvikling av park, idrett og friluftsliv:** Det er ikkje oppretta eigen budsjettpost for dette området. Private kan søkje om kommunalt byggetilskot til føremålet.

**Utarbeide eins retningsliner for leige/bruk av kommunale anlegg, både skulelokale og idrettsanlegg:** Kommunale anlegg vert drifta av ulike verksemder. Det er ikkje utarbeida eins retningsliner for leige og bruk av desse.

**Sikre at eksisterande anlegg blir haldne ved like på ein god måte. Drifts og vedlikehaldsavtalar der idrettslag, velforeiningar og bygdelag blir trekte aktivt inn, kan vere eit godt supplement til kommunen si verksemd på dette feltet:** Det er laga avtalar om drift og vedlikehald av Kommunale idrettsanlegg i dei tilfelle desse er bygd ut som eit samarbeid mellom frivillige lag og Kvinnherad kommune.

**Utvikle tenlege drifts og vedlikehaldsplanar for kommunale idrettsanlegg:** Det er ikke utarbeida eigne drifts og vedlikehaldsplanar for dei kommunale idrettsanlegga.

**Samordne den administrative organiseringa av dei forvaltningsmessige sidene ved anleggsdrifta i kommunen:** Det er ikke formalisert samarbeid på dette området.

Problemstillinga er omtala seinare i denne planen.

**Arbeide for at Husnes idrettssenter får status som fylkesidrettssenter for PU-idrett:** Husnes idrettssenter har ikke status som fylkesidrettssenter for PU-idrett.

## Utbygging av anlegg i perioden 2000-2004

**Følgjande anlegg vart prioritert i førre plan:**

- *Idretts og aktivitetshus i Uskedalen-* Ferdigstilt
- *Fleirbruks Hall på Hatlestrand-* Ferdigstilt
- *Hall på Halsnøy-* Ferdigstilt
- *Sentralbaneanlegg for skyting i Midthølen-* Ferdigstilt
- *Oppgradering av friidrettsbana i Rosendal-* Ikke gjennomført
- *Motorsenter-* Byggesteg 1 er påbyrja
- *Friidrettsanlegg med fast dekke på Husnes-* Ferdigstilt
- *Varmebasseng i tilknyting til Husnes sjukeheim-* Ferdigstilt

**I tillegg er følgjande anlegg prioritert og gjennomført i rullering av planen:**

- **Fjellberg:** ballbinge v/ Brekke skule
- **Fjellhaugen skisenter:** snøproduksjonsanlegg, arenahus del 1, barneskitrekk
- **Folgefonna nasjonalpark:** Bredablikk turhytte, Gardshammarvegen
- **Hatlestrand/Ølve:** ballbinge, freesbeegolfbane, utebordtennisbord, sandvolleyballbane, nærmiljøkart og Strand/ulv hallen v/ Nordsido oppvekstsenter. Miniatyrskytebane v/ Hatlestrand og Ølve skytebane, orienteringskart for Ølve
- **Halsnøy:** kunstgrasbane, fleirbruks Hall og ballbinge v/Halsnøy skule. Ballbinge v/ Hauge oppvekstsenter. Toalettanlegg og sandvolleyballbane v/ Slettaneset friområde
- **Herøysundet:** klatrestativ, edderkoppnett, ballbinge, naturklatrejungel og klatrestativ v/ Bringedalsbygda oppvekstsenter. Tursti, sandvolleyballbane,
- **Husnes:** Kunstgrasbane, turveg, rehabilitering av stadion med fast dekke på friidrettsbana v/Idrettsenteret. Utebordtennisbord v/ Husnes ungdomskule, ballbinge v/ Undarheim skule, varmebasseng, akebakkeskog i Troåslia, miniatyrskytebane v/ Kulturhuset Husnes, rohus v/ Kvinnherad rosenter. Klubblokale, lager og garderobeanlegg v/ Kvinnherad golfbane, Borvika sanitæranlegg
- **Midthølen skytebane:** skytterhus, elektroniske skiver
- **Omvikdal:** Ballflate v/ Omvikdal oppvekstsenter
- **Rosendal:** Ballbinge og apejungel v/ Malmanger skule. Kunstgrasbane ved Rosendal idrettsanlegg. Friareal ved Rosendal ungdomsskule. Ballbinge i Skeishagen bustadfelt, orienteringskart.

- **Sandvoll/Utåker:** Fritidspark v/Skarveland skule, Akebakke i Tveitedalen skisenter
- **Sunde:** Klatrevegg v/ Sunde skule.
- **Uskedalen:** Klatreanlegg og idretts og aktivitetshus v/ Uskedalen skule, Korsneset ballbinge
- **Valen:** Aktivetsanlegg, klatrestativ og ballbinge v/ Valen oppvekstsenter, Valeøya Ratehytte, Stemmastølen rastehytte
- **Varaldsøy:** Balløkke v/ Trå skule, Ferjevågen friområde
- **Åkra:** Multiballbane, sandvolleyballbane, balløkke

## **Handlingsmål for friluftsliv i perioden 2000-2004**

**Melde kommunen inn i Nord Rogaland og Sunnhordland friluftsråd:** Kvinnherad kommune er meldt inn i Friluftsrådet Vest.

**Opprette tilskotspost til lokale friluftstiltak i kommunen:** Det er ikkje oppretta eigen tilskotspost til lokale friluftstiltak, ein kan søkje om byggetilskot til friluftsanlegg.

**Sikre område til offentleg badepass på Ølse, i Sundal og Sunde:** Det er ikkje sikra område til offentleg badepass i Sundal eller på Sunde.

**Utarbeide vedlikehaldsplan for sikra friområde:** Friluftsrådet Vest har i samarbeid med Kvinnherad kommune utarbeida forvaltningsplanar for dei regionale friområda. Det er ikkje utarbeida planar for dei lokale områda.

**Ein må syte for at det finns tilfredstillande turkartgrunnlag for heile kommunen:**

Kvinnherad kommune og Kvinnherad turlag har i samarbeid merka og gradert turområde i heile Kvinnherad. Turane er kartfesta og tilgjengelege både på nett og i papirutgåve.

**Sikre gode parkeringstilhøyre for utfartsområda:** I dei regionalt sikra friluftsområda samt dei merkte turstiane i Kvinnherad er det avsett område til parkering. Det er laga parkeringsplassar i Nordrepollen og Bondhusdalen.

**Ein del av våre friområde bør utviklast slik at rørslehemma i auka grad kan nyte ein del av desse:** Friluftsrådet Vest har i samarbeid med frivillige tilrettelagt Vikjo i Omvikdalen for rørslehemma. Fleire områder bør leggjast til rette.

**Regionale friområde: Bjellebøvågen, Folgefonna og tilgrensande område, Bondhusdalen, Rosendalsfjella og Blådalen må leggast til rette for ulike brukarar:** Det er i Bondhusdalen og Nordrepollen tilrettelagt med parkering og infoskilt. Det er utarbeida ein geosti frå Nordrepollen, forbi Godalen, Markjelke og vidare til Botnabrea. Keistarstien er restaurert. I samband med gradering og merking av turstiar er turar i dei aktuelle områda gjort kjent.

## **Nærmiljøanlegg i perioden 2000-2004**

**Satsast aktivt på at ein i løpet av perioden fram mot 2005, etter ein samla plan, har rusta opp skuleanlegg til lokale nærmiljøanlegg for krinsen:** Det er ikkje utarbeida ein samla plan for dette. Det er bygd ut mange nærmiljøanlegg, særleg ballbingar på skuleområda i

kommunen. Det er behov for ytterlegare satsing på nærmiljøanlegg i samband med skule og/eller barnehagar.

***Opprette ei administrativ plangruppe med representantar frå oppvekst, kultur, teknisk som skal arbeide for betre møteplassar i sentra:*** Det eksisterer ikkje ei slik gruppe pr. i dag.

***Opprette ein budsjettpost til opparbeiding av leikeplassar/nærmiljøområde:*** Det eksisterer ikkje ein eigen budsjettpost for dette pr. i dag

***Stimulere velforeiningane til å planleggja og byggja ut nærmiljøanlegg:*** Velforeiningar kan søkje om Kommunalt byggetilskot til føremålet.

## Fysisk aktivitet, Idrett og Friluftsliv

---

*Vision: Aktiv kvardag - Heile livet*

***Mål: Alle innbyggjarane i Kvinnherad skal oppleva at dei har eit tilbod som gjer det mogleg å vera fysisk aktive i naturen, i nærmiljøet og i idrettsanlegg, uansett alder og behov***

---

### Prioriterte målgrupper

I alle fasar av livet skal vi kunne driva idrett og friluftsliv gjennom trening eller mosjon på fritida. All form for fysisk aktivitet er til det beste, og vil auka helsegevinst og trivsel. Utfordringa er å vidareutvikla attraktive aktivitetstilbod og anlegg som svarar til ynskje og behov for alle i kommunen. Prioriterte målgrupper i Kvinnherad er born og unge, menneske med nedsett funksjonsevne og dei inaktive.

### Born og unge

Organisert idrett er ein svært viktig arena for fysisk aktivitet for norske 6-12 åringer (St.mld. 26). Frå 12-13 års alderen og opp gjennom tenåra er det eit jamt fall i deltaking i organisert idrett, tendensar vi og ser i Kvinnherad. Ungdom vil helst driva eigenorganisert aktivitet som er inn i tida. Dei vil utfordra seg sjølve og vera del av ei gruppe. Det er meldt interesse for både skateanlegg og parkouranlegg. Krossbane er under etablering i Midthølen. Dette er nye typar anlegg som vi ikkje har frå før i Kvinnherad.

Gode nærmiljøanlegg, med ulike banar og apparat lokalisert ved skular og idrettsanlegg, vil fremja meir fysisk aktivitet. Slike anlegg kan innehalde tilbod for fleire aldersgrupper og fungera som gode møteplassar i bygdene.

Kvinnherad er ein kommune som innbyr til friluftsliv. Vi må legga til rette for at born og unge får moglegheit til å driva leik og moro i naturen, i sitt eige nærmiljø. Barnetråkk er eit viktig tiltak for å sikra at område som er viktige for borns leik, vert teken omsyn til i planarbeid.

### **Menneske med nedsett funksjonsevne**

Forsking indikerer at menneske med nedsett funksjonsevne er noko mindre fysisk aktive enn folk flest. For å demma opp for dette vil viktige tiltak vera å oppgradera eksisterande idrettsanlegg slik at dei vert universelt tilrettelagt. Kvinnherad har fleire gode turstiar og vegar tilrettelagt for rørslehemma. Døme er Vikjo i Dimmelsvik som er tilrettelagt for menneske med nedsett funksjonsevne og det store arbeidet som er gjort med og merka å gradera turløyper.

### **Dei inaktive**

Kvardagsaktivitet med å gå eller sykla til butikk, jobb, skule og aktivitetar er redusert og vi kører mykje bil og buss til og frå. Det er ynskje om gang- og sykkelvegar, turstiar og turvegar i nærområdet. Skilting og gradering av turområder er eit viktig verkemiddel for å gjera eksisterande stiar meir tilgjengelege. Å halda fram arbeidet med skilting og gradering av turområder er eit satsingsområde i planperioden.

## Fysisk aktivitet

*Visjon: Aktiv kvardag – Heile livet*

*Mål: Lokalsamfunna i Kvinnherad skal gje innbyggjarane gode muligheter til å driva med fysisk aktivitet gjennom leik og moro. Kvinnherad kommune skal satsa på fysisk aktivitet i førebyggjande arbeid*



Foto: Cecilie Bjørke

Kroppen er skapt for rørsle. Fysisk aktivitet førebyggjer sjukdom og gjer auka energi og overskot i kvardagen. Når du mosjonerer regelmessig, kjennes det på forbetingane i kroppen. Klarar ein å auka aktivitetsnivået frå lågt til moderat med 60 minuttar for born og 30 minuttar for vaksne, vil helsegevinsten vere stor. Vi veit at effekten er like stor for eldre som for yngre. Aktivitet må vera det endelege målet.

Kvinnherad kommune har mykje organisert aktivitet for alle aldersgrupper. Samstundes er det slik at ein stor del av innbyggjarane ikkje deltek i den organiserte aktiviteten. Samanhengen mellom fysisk aktivitet og helse er vel dokumentert og Kvinnherad kommune

skal i planperioden ha fokus på å stimulera til kvardagsaktivitetar og legga til rette for ein aktiv livsstil i nærområda der folk bur. For å få til dette vil kommunen bidra til at det vert etablert eit allsidig miljø for aktivitetar på arenaer som barnehage, skular, skulefritidsordningar, frivilligsentral, aktivitetscentra og sjukeheimar.

For å gje ungdom muligkeit til å driva med eigenorganisert aktivitet innandørs bør det setjast av tid og ressursar til open hall tilbod i dei kommunale idrettshallane, gjerne i samarbeid med idrettslaga.

Fleire universelt tilrettelagde turstiar og joggeløyper i nærområda der folk bur og nærmiljøanlegg/aktivitetsområde i tilknyting til skulane vil vera viktige satsingsområde. Dette er anlegg som vil skapa fysisk aktivitet blant born og unge både i skuletid og i fritid.

Barnetråkkregistreringar gir direkte kunnskap om korleis born nyttar nærmiljøet, kor dei bevegar seg til vanleg og kva stader dei unngår. Barnetråkk er eit viktig verkemiddel i planlegging då dei m.a. gir oss kunnskap om kva områder som er viktige leike og aktivitetsområde for born og unge. I Kvinnherad er det utført barnetråkkregistreringar spredt i kommunen. Å gjennomføra barnetråkkregistreingar i heile kommunen og gjera desse tilgjengelege for utbyggjarar og andre er ei satsing.

For enkelte kan det vera ein høg terskel for å koma i fysisk aktivitet. Dei seinare åra har Kvinnherad kommune utdanna treningskontaktar. Treningskontaktar er motivatorar som er med som tur og treningskameratar. Treningskontaktane vert tildelt gjennom støttekontaktordninga. Kvinnherad kommune bør halde fram og vidareutvikla ordninga med treningskontaktar.

Frisklivssentralen er eit kommunalt kompetansesenter for fysisk aktivitet, kosthold og røykeslutt. Frisklivssentralen gir hjelp og støtte til personar som ynskjer å endra levevanar knytt til fysisk aktivitet, kosthold eller tobakk. Ein treng ikkje vera sjuk eller ha ein diagnose for å delta på frisklivssentralen. Kvinnherad kommune bør halda fram og vidareutvikla dette tilbodet.

## Tiltak i planperioden

- Gjennomføra barnetråkkregistreringar i heile kommunen
- Halda fram med og vidareutvikla ordninga med treningskontaktar
- Å halda fram med og vidareutvikla frisklivssentralen
- Etablera open hall tilbod i dei kommunale idrettsanlegga

## **Idrett**

---

*Visjon: Aktiv kvar dag – Heile livet*

*Mål: Gjennom gode rammetilhøve for idrettslaga i kommunen skal alle innbyggjarane i Kvinnherad ha moglegheit til å driva med organisert idrett i nærmiljøet sitt*

---



Foto: Håvard Sætrevik

Den organiserte idretten er knytt til Norges idrettsforbund og Hordaland idrettskrets.

Ein har valt “Ein open og inkluderande idrett” som hovudmål for idrettspolitikken i perioden 2010 - 2012. Det lokale idrettslaget og turlaget er fundamentet for all idrettsaktivitet og fellesskap. Målet om ein open og inkluderande idrett må utførast i idrettslaga i kommunen.

### **Idrettens verdiskaping**

Det er vanskeleg å fastsetja idretten si “omsetjing” på nasjonalt plan målt i økonomi, verdiskaping og frivillig dugnadsinnsats, men den har vore stipulert til ca. 18 milliarder kroner fordelt på:

- Spelemedlar ca. 1,5 milliardar kroner

- Tilskot frå kommunar – drift og anlegg- ca. 2,1 milliardar kroner.
- Tilskot frå sponsorar ca. 800 mill. kroner
- Intern finansiering – Kontingentar, lotteri, og liknande. – ca. 6 milliardar kroner
- Berekna verdi av den frivillige dugnadsinnsatsen ca. 7,5 milliardar kroner beregna til ca. 24 000 årsverk

I Hordaland vert omfanget av det frivillige arbeidet i idrettslaga stipulert til å vere ca. 2250 årsverk med ein anslått verdi på 700 millionar kroner.

### **Kvinnherad idrettsråd (KIR)**

Idrettsråda si primær oppgåve er å vera bindeledd mellom idretten og kommunen. I Norges idrettsforbund (NIF), har idrettsråda sin plass mellom idrettskrinsane (fylkesnivå) og idrettslaga (kommunenivå). Mandatet og oppgåvene til idrettsråda er forankra i NIF sine lover og basis-lovnorm for idrettsråd. Denne slår fast at idrettsråda skal arbeida for best mogleg forhold for idretten i kommunane. Idrettsråda skal vera ein arena for samarbeid mellom idrettslaga, mellom idrettslaga og kommunen og mellom idrettslaga og idrettskrinsen. Arbeidet skal vera prega av frivillighet, demokrati, lojalitet og likeverd, medan idrettsaktiviteten skal byggja på grunnverdiar som idrettsglede, fellesskap, helse og ærlegdom.

Idretten og det offentlege sine felles mål og verdiar for utvikling av idrett og fysisk aktivitet i samfunnet er formulert i visjonen ”Idrett og fysisk aktivitet for alle”. Godt samarbeid mellom kommunen og idrettsrådet er avgjerande for å nå visjonen, og krev at dei har gjensidig og felles forståing av sine ulike roller. Medan det er idretten si rolle å skapa aktivitet, er det kommunen si rolle å leggja til rette for aktivitet. Dette kan gjerast gjennom t.d. utvikling av aktivitetsanlegg, økonomiske rammer eller tilrettelegging for dugnad og anna frivillig innsats.

Idrettsråda sitt ansvar og oppgåver skal vere å

- Arbeida for best mogleg forhold for idretten i kommunen
- Styrka idretten si rolle og rammevilkår i lokalsamfunnet
- Vera ein møteplass og utviklingsarena i skjeringspunktet mellom offentleg og frivillig virke
- Vere ein arena for samarbeid mellom laga og dei kommunale myndighetene
- Føreta prioriteringar på vegne av idrettslaga
- Dokumentera og synleggjera det lokale omfanget til idretten

Kvinnherad idrettsråd representerer 27 frivillige lag i Kvinnherad kommune. Kvinnherad idrettsråd har signalisert at det er vanskeleg å få idrettslaga i kommunen til å nytta idrettsrådet slik meininga er. Administrasjonen har og merka seg at idrettslaga i kommunen ikkje nyttar idrettsrådet, men rettar seg direkte til det administrative eller politiske nivået i Kommunen om saker dei vil ha løyst.

Dersom Kvinnherad kommune skal lytta til KIR sine prioriteringar, er det naudsynt at KIR får god informasjon frå laga slik at dei har eit godt grunnlag for heilskaplege vurderingar av utfordringar og behov som idretten i Kvinnherad har. KIR må representera alle lag og idrettar i kommunen uavhengig av lokalisering og aktivitetstype. Idrettslaga på si side må slutta lojalt opp om KIR sine prioriteringar. Kommunen må ta KIR på alvor som talerøyr for idretten i kommunen. Å følgja opp desse krava krev gjensidig tillit, god kommunikasjon og tydleg oppgåve og ansvarsfordeling mellom alle partane.

Det skal i planperioden utarbeidast ein samarbeidsavtale mellom Kvinnherad kommune og KIR som legg føringar for samarbeidet mellom partane.

Det er kome innspel frå idrettslag om at det er behov for administrative leiarar i idrettslaga. Kvinnherad idrettsråd bør i planperioden kartlegga omfanget av dette behovet.

### **Idrettslag i Kvinnherad**

Følgjande idrettslag er registrert under Kvinnherad idrettsråd.

#### **Folgefond RC klubb**

Folgefond RC klubb har omlag 40 vaksne medlemmar og er eit samarbeid mellom RC miljøet i Odda og Kvinnherad. Aktiviteten er radiostyrte motorfly, seilfly, helikopter, samt bilar og båtar. Klubben disponerer flystripe i Omvikdalen og i Odda.

#### **Folgefond sportskyttarlag**

Folgefond sportskyttarlag har om lag 50 vaksne medlemmar. Laget tilbyr skytetrening med pistol og handvåpen. Laget nyttar innandørs skytebane i SKL sine lokalitetar i Matre og har eigen utandørs skytebane og feltskytingsområde i nærleiken av Midthølen skytebane.

#### **Halsnøy IL**

Halsnøy IL har omlag 300 medlemmar. Laget tilbyr aktivitetane fotball, svømming og volleyball. Idrettslaget nyttar Sætre kunstgrasbane og Halsnøy idrettshall til aktivitetane sine.

#### **Halsnøy OL**

Halsnøy orienteringslag har omlag 15 medlemmar. Laget tilbyr turorientering og "Åsatrimmen". Folk i alle aldrar deltek på aktiviteten. Orienteringslaget nyttar karta Tofteåsen og Halsnøy sør. Dei jobbar med å oppdatera kart for Halsnøy sør.

#### **Herøysund IL**

Herøysund IL har 117 medlemmar i alle aldrar. Idrettslaget har aktivitetar for alle aldersgrupper. Idrettslaget driv aktivitetar som bornetrim, fotball, friidrett, volleyballtrening for damer, herretrim og old boys fotball, samt merking og tilrettelegging av turløyper. Herøysund IL nyttar idrettsbanen i Herøysund og gymnastikksal på Bringedalsbygda skule til aktivitetane sine.

### **Husnes karateklubb**

Husnes karateklubb har 28 medlemmar. Dei arrangerer karatetrening for born og vaksne. Klubben held til i gymnastikksalen på Sunde skule.

### **Kvinnherad badmintonklubb**

Kvinnherad badmintonklubb har 47 medlemmar. Dei tilbyr badmintontrening for folk i alle aldrar. Klubben arrangerer treningar 4 gonger i veka. Dei held til i Husneshallen og i Sunde gymnastikksal.

### **Kvinnherad golfklubb**

Kvinnherad golfklubb har omlag 200 medlemmar. Klubben har aktivitet for folk i alle aldrar. Kvinnherad golfklubb held til på eigen golfbane på Husnes med tilhøyrande klubbbhus, garderobe og lageranlegg.

### **Kvinnherad hesteskylslag**

Kvinnherad hesteskylslag har omlag 25 medlemmar. Hovudaktiviteten til laget er køyring med hest og vogn, særleg køyring av turistar i Rosendal.

### **Kvinnherad handballklubb**

Kvinnherad handballklubb har omlag 250 medlemmar. Handballklubben har lag for jenter og gutter frå 8-15 år. Klubben nyttar Husneshallen, Halsnøy idrettshall og gymnastikksalen i Rosendal til treningane sine.

### **Kvinnherad motorsportklubb**

Kvinnherad motorsportklubb arbeidar med haldningskapande arbeid innan trafikk og motorsport og førebyggjande ungdomsarbeid. Dei vil høyna interessa for motorsport, og arbeidar med etablering av motorsportsenter i Kvinnherad. Klubben er i gang med å etablera crossbane i Midthølen.

### **Kvinnherad pistolklubb**

Kvinnherad pistolklubb har om lag 50 medlemmar. Klubben arrangerer faste treningar for medlemmene i vinterhalvåret. Klubben nyttar miniatyrskytebanen på Kulturhuset Husnes.

### **Kvinnherad roklubb**

Kvinnherad roklubb har omlag 50 medlemmar, både vaksne og born. Klubben arrangerer utetreningar faste dagar gjennom året, i tillegg har medlemmane mulighet til å trena på apparat innandørs. Dei held til på Kvinnherad rosenter på Husnes.

### **Kvinnherad sportsskyttarklubb**

Kvinnherad sportsskyttarklubb vart stifta i 2013. Klubben har 11 medlemmar og er open for funksjonshemma. Klubben har ikkje ein arena å trena på men ynskjer å inngå avtale med Kvinnherad skyttarlag om leige av lokalitetar på Seim. Etter at lokalitetar er på plass vil faste treningar komma i gang.

### **Kvinnherad undervannsklubb**

Kvinnherad undervannsklubb jobbar med å dykkerinteresserte i kommunen og fremja dykkarsportens interesse, samt å halda medlemmene ajour med utviklinga innan dykking på dei vitenskaplege, tekniske og sportslege område. Dykkarklubben arrangerer felles turar. Klubben har kompressorar 3 stader i kommunen samt ein båt til utleige for klubbmedlemmer.

### **Matre I.L.**

Matre idrettslag har omlag 40 medlemmar. Dei tilbyr aktivitetane volleyball, friidrett, fotball og ski. Matre IL nyttar m.a. gymnastikksal på Åkra skule og Fjellhaugen skisenter.

### **Omvikdalens I.L.**

Omvikdalens I.L har omlag 550 medlemmar. Dei tilbyr ulike aktivitetar som sykkel, ski, idrettsmerke, turgruppe og turn for born og vaksne. Omvikdalens I.L. nyttar gymnastikksalen på Omvikdalens skule og Fjellhaugen skisenter.

### **Perlo kajakklubb**

Perlo kajakklubb held til på Halsnøy og har omlag 50 medlemmar i alle aldrar. Klubben arrangerer kurs og turar med kajakk. Perlo kajakklubb manglar klubblokale og ein stad for oppbevaring av båtar.

### **Rosendal Rideklubb**

Rosendal rideklubb har 40 aktive medlemmar. Rideklubben tilbyr ridekurs og ridetrening for både born og vaksne. Rideklubben nyttar Stall rosendal.

### **Rosendal turnlag**

Rosendal turnlag har om lag 600 medlemmer. Laget har aktivitetar som fotball, ski, turgruppe og turn og trim for både born og vaksne. Laget nyttar Rosendal stadion, Rosendal gymnastikksal og Fjellhaugen skisenter.

### **I.L. Strand-Ulv**

I.L. Strand-Ulv har om lag 200 medlemmar. Idrettslaget tilbyr aktivitetar som barnetrim, boksing, bordtennis, dametrim, fotball, idrettskule, innebandy, klatring, orientering, spinning, styrkerom og volleyball. Laget nyttar Strand-Ulv hallen på Hatlestrand og Idrettsbana på Ølve.

### **Idrettslaget Ternen**

Idrettslaget held til på Sandvoll. Laget har om lag 75 medlemmer. Idrettslaget tilbyr aktivitetar som fjelltrenings, barmarkstrenings, fotball, skitrenings, innebandy, småbarnstrim, samt dametrim og fjelltrim. Laget nyttar gymnastikksalen på Skarveland skule og skianlegget i Tveitedalen.

### **Idrettslaget Trio**

Idrettslaget Trio er idrettslag for bygdene Husnes, Sunde og Valen. Laget har om lag 850 medlemmer. IL Trio tilbyr aktivitetar som fotball, friidrett, svømming, turn og volleyball. Idrettslaget nyttar Husneshallen, gymnastikksalen på Undarheim skule, Kvednabekken kunstgrasbane, Husnes stadion og gymnastikksalane på Sunde og Valen.

### **Uskedal idrettslag**

Uskedal idrettslag har omlag 250 medlemmar og tilbyr aktivitetane fotball, turn, friidrett, tur og klatring. Laget nyttar Aktivitetshuset i Uskedalen og Heio stadion til aktiviteten sin.

### **Valen ride og køyrekklubb**

Valen ride og køyrekklubb har om lag 60 medlemmar og er ein klubb for hesteinteresserte i ytre delen av Kvinnherad. Klubben arrangerer kurs og klubbkveldar. Laget nyttar ridebanar og terrenget rundt Sunnhordland ritell til aktiviteten sin.

### **Kommunale driftstilskot til idrett**

Tabellen under syner det samla kommunale driftstilskotet til frivillige lag og organisasjonar dei siste 5 åra.

År	Samla sum driftstilskot
2009	300 000,-
2010	600 000,-
2011	600 000,-
2012	500 000,-
2013	500 000,-

Alle frivillige lag og foreiningar som driv kulturaktivitet for born og unge kan søkje om driftstilskot, samt lag og foreiningar som eig og driv opne lagshus. Både idrettshus, kulturanlegg, bygdehus og bedehus kan søkje.

I 2013 gjekk 69,5 % av tilskotet til idrettsaktivitet. Tabellen syner at det har vore nedgang i driftstilskotet for frivillige lag og foreiningar. I planperioden bør det leggjast opp til ei styrking av driftstilskotet.

### **Trening i kommunale idrettsanlegg**

For å gje idrettslaga gode rammetilhøve er det viktig at kommunale idrettsanlegg, gymnastikksalar, Husneshallen og utandørs idrettsanlegg er gratis å nyta på kveld og ettermiddagstid for born og unge.

Husneshallen er den største hallen i Kvinnherad. Hallen er lokalisert ved Kvinnherad vidaregåande skule og Fylkeskommunen leiger hallen på dagtid. På kveldstid etter kl. 17 har kommunen avtale med IL TRIO og Håndballklubben om betalte tilsynsvakter.

Dei kommunale idrettsanlegga er mindre i bruk i tida mellom skuleslutt og 17.00 på ettermiddagane. Dette er ei tid då born ofte nyttar seg av SFO tilbod og for mange av dei eldre borna og ungdommane er det ei tid utan fritidstilbod. Kvinnherad kommune bør i planperioden arbeida aktivt for å få i gang prøveprosjekt i samarbeid med idrettslag om treningstilbod i denne tida. Dette kan vere i samarbeid med SFO eller organisert som "idrettsskule".

### Tiltak i planperioden

- Vedtak om ein samarbeidsavtale med Kvinnherad idrettsråd
- Kvinnherad idrettsråd utarbeidar ein handlingsplan for arbeidet sitt
- Kommunale driftstilskot til lag og organisasjonar skal aukast til 1 million innan fire år
- Bruk av kommunale idrettsanlegg til trening skal vera gratis for born og unge under 19 år som driv med aktivitet, eigenorganisert eller gjennom frivillige lag og organisasjonar
- Det skal setjast i gang eit prøveprosjekt i samarbeid med idrettslag om treningstilbod etter skuletid

## Friluftsliv

*Visjon: Aktiv kvar dag – Heile livet*

*Mål: I Kvinnherad skal alle ha høve til å driva enkle friluftsaktivitetar i nærmiljøet. Det skal vere tilrettelagt for turgåing, bading og friluftsliv i alle skulekrinsane*



Foto: Karen Løvfall

Den offentlege definisjonen på friluftsliv er ”Opphold og fysisk aktivitet i friluft i fritida med sikte på miljøforandring og naturoppleving” (Stortingsmelding 39 (2000 – 2001)

Den statlege friluftslivspolitikken har 4 nasjonale mål:

- Alle skal ha moglegheit til å driva friluftsliv som helsefremjande, trivselskapande og miljøvennleg aktivitet i nærmiljøet og naturen elles
- Område av verdi for friluftslivet skal sikrast og forvaltast slik at naturgrunnlaget blir teke vare på
- Allemannsretten skal haldast i hevd
- Planlegging i kommunar, fylke og regionar skal medverka til å fremja eit aktivt friluftsliv og skapa helsefremjande, trivselskapande og miljøvennlege nærmiljø

Hordaland fylkeskommune sin visjon er: Friluftsliv – ein veg til høgare livskvalitet.

Dette kan ein oppnå ved:

- Å sikra grunnlaget for allemannsretten og leggja til rette for det enkle friluftslivet
- Å sikra og oppgradera fleire og betre anlegg for friluftsliv
- At barn, ungdom og personar med særskilde behov skal få eit allsidig aktivitetstilbod i friluftslivsorganisasjonane i Hordaland

Friluftsliv er basert på allemannsretten, vanleg folkeskikk og naturvett. I ei tid der mange opplever tidsklemma, vert tura og friluftsaktivitet i nærmiljøet, den enklaste og mest tilgjengelege av alle friluftsaktivitetane.

I Kvinnherad ligg det godt til rette for tura og friluftsliv både i nærmiljøet, i fjellet og på sjøen.

Dei fleste idrettslag og Kvinnherad Turlag gjer ein stor innsats med å merka turstiar i nærmiljøa. Kommunen bør stimulera til vidare rydding/opprusting av turstiane med særleg fokus på universell utforming.

Opparbeiding av turvegar med universell utforming i nærmiljøa og nærliken av idrettsanlegg vil stimulera til aktivitet. Idrettsanlegga vert naturlege utgangspunkt for tura. Medan nokon er på organisert trening kan andre nyta turvegane. Ein slik turveg er under bygging ved Husnes idrettssenter. Kvinnherad må stimulera til at det vert etablert fleire slike vegar.

Kvinnherad Turlag har i samarbeid med Kvinnherad turistinformasjon, folkehelsekoordinator og Rådet for funksjonshemma gjort eit stort arbeid med å merka og gradera 69 turstiar i Kvinnherad. Gjennom prosjektet er stiane merka, det er laga turbeskrivingar, vanskegraden på stiane gradert, dei er kartfesta og informasjon er tilgjengeleg på nett. Dette er tiltak som er med på å senka terskelen for deltaking i friluftsaktivitetar.

Kvinnherad kommune bør bidra til at dette prosjektet

#### Allemannsretten gjeld i utmark. Der kan du

- Ferdast fritt til fots og på ski
- Rasta og overnatta
- Ri eller sykla på stiar og vegar
- Bada, padla, ro og brukar seglbåt
- Plukka bær, sopp og blomar
- Fiska fritt etter saltvassfisk

Du kan dra i land båt eller anna farty, samt nyta fortøyingsboltar og liknande på strandstrekningar som er del av utmark på land. Du kan ikkje leggja til privat kai eller brygge utan avtale med eigar.

Du kan tenne opp bål når du er på tur, men ikkje i eller i nærliken av skogsmark i tidsrommet 15. april til 15. september. I strandkanten må du ikkje leggja bållassen rett på svaberg, slik at berget sprekk

Unngå spreiling av sjukdom mellom vassdrag ved å tørka/desinfisera båt, åre, støvlar og fiskereiskap, før du flyttar til eit anna vassdrag.

#### Du må huske:

- Å ikkje ta snarvegar over innmark, gjennom tun eller nær hus og hytter
- Å respektera ferdelsreglar i frikufts- og naturvernområde
- Å ikkje forstyrra dyre- og fugleliv, samt husdyr på beite
- Å ikkje skada planteliv
- Å nyta etablerte raste, bål og teltplassar
- Å respektera andre brukarar si trong for avstand og ro
- Å respektera nærings og brukarinteresser
- Å vera nøye med å rydda raste- eller teltplassen når du går- Avfall tek du med deg, ingenting skal liggje att.

**Utmark** er udyrka mark og omfattar det meste av vatn, strand, myr, skog og fjell i Noreg. Udyrka små areal i dyrka mark vert ikkje rekna som utmark.

**Innmark** er all dyrka jord (åker, eng, kulturbete, hage, yngre plantefelt, gardstun, hustomt og friareal). Innmark treng ikkje vera inngjerda

vert utvida til å omhandla både turar for kajakk/kano og for ski.

## Folgefonna Nasjonalpark



Foto: Svein Opdal

Folgefonna nasjonalpark opna i 2005. Fem kommunar har til saman eit areal på 545 km<sup>2</sup> i Nasjonalparken. Folgefonnahalvøya er kjent for dramatisk og vakker natur med fjord, fjell, elvar, vatn og brefall. Folgefonnahalvøya har vore og er eit viktig reisemål i landet. I Nasjonalparken finn vi gamle ferdselseruter og stølsvegar. Mange av dei vert brukte i dag.

Folgefonna nasjonalparksenter skal gje inspirerande informasjon om Folgefonna nasjonalpark. Målet er mellom anna å leia turistar og tilreisande ut i naturen for aktiv bruk av Folgefonna nasjonalpark. Gjennom prosjektet "Vandring frå fjord til fonn" er mellom anna ferdselsvegen frå Mauranger til Odda tilrettelagt for vandring, med parkering og skilting, og det er utarbeida geost i Nordrepollen til Botnabreen.

I regi av samarbeidsrådet for Sunnhordland arbeidar ein med å etablere ei nasjonal sykkelrute frå Leirvik - Husnes – Årsnes – Jondal – Utne – Kvanndal – Granvin – Voss.

## Aktørar

### Friluftsrådet Vest

Friluftsrådet Vest er eit interkommunalt organ for kommunane Bokn, Bømlo, Etne, Fitjar, Haugesund, Karmøy, Sauda, Stord, Sveio, Tysvær, Vindafjord og Kvinnherad. Dei arbeider med sikring, tilrettelegging og drift av regionale friluftsområde, informasjon og aktivitetsprosjekt. Gjennom samarbeid med friluftsrådet har Kvinnherad fått 2 kanopakkar og ein kajakkpakke som kan lånast ut til innbyggjarane i Kommunen. Dei er også eit rettleiande organ for medlemskommunane og andre aktørar.

## **Kvinnherad Turlag**

Kvinnherad Turlag er eit lokallag under Den Norske Turistforening / Bergen og Hordaland Turlag. Kvinnherad Turlag vart skipa i 1998 og skal arbeida for eit aktivt, naturvenleg og trygt friluftsliv for alle som bur i og som vitjar kommunen. Turlag har hatt ein jamn og god medlemsvekst. Turlaget har fleire undergrupper som Barnas turlag, Fjellsportgruppa m.fl.

Kvinnherad Turlag har trøng for lager for utstyr. Kvinnherad kommune vil hjelpe til med å finna ei løysing.

Kvinnherad Turlag mottar driftsstønad etter retningslinene til stønad for frivillig aktivitet i Kvinnherad. Reglementet opnar for at lag med regional funksjon kan vurderast særskilt.

Kvinnherad Turlag er aktuell for dette då dei har ei driftsform som skil seg frå andre organiserte aktivitetar.

## **Idrettslag og friluftslag**

Mange idrettslag i kommunen har eigne turgrupper. Dei tek eit stort ansvar for merking og tilrettelegging av stiar i nærområde. Laga lagar til trimbøker på turmål, skipar til fjelltrim og andre turløp. Det finst også nokre friluftslag som mellom anna skipar til aktivitetsdagar ute i naturen. Å skapa aktivitet og god trivsel i bygdene er viktige tiltak for folkehelse.

## **Tiltak i planperioden**

- Kvinnherad kommune held fram som medlem i Friluftsrådet Vest i planperioden
- Det vert fremja tiltak om universelt tilrettelagde friområde
- Friluftsveka skal markerast i Kvinnherad
- Prosjektet Friluftsturisme skal utgreia
- I planperioden skal ein sikra badeområde i Sundal og på Sunde
- Sikring av Valeøya og Sild skal gjennomførast

## Anlegg

I dette kapittelet vil vi synleggjera behovet for anlegg i kommunen, og kva reglement og rutinar som gjeld i dag. Planen legg opp til å omstrukturera idrettsarbeidet i Kvinnherad og starta ein prosess der målet er å auka den politiske prioriteringa av feltet.

### Nasjonal og regional anleggs politikk

Staten ynskjer gjennom sin bruk av verkemiddel å legge til rette for at alle som ynskjer det skal ha moglegheit til å delta i idrett eller drive eigenorganisert fysisk aktivitet. Den viktigaste føresetnaden for dette er satsing på anlegg for idrett og fysisk aktivitet, inkludert friluftsliv

Staten framhevar at dei viktigaste målgruppene for bruk av spelemidlar til idrettsføremål er born (6-12 år) og ungdom (13-19 år). I tillegg ynskjer staten å leggja til rette for at personar med nedsett funksjonsevne skal kunne delta i idrett og fysisk aktivitet ut frå sine ynskjer og føresetnader. Det er og eit mål for den statlege idrettspolitikken å leggja til rette for at personar som i dag er fysisk inaktive, kjem i gang med aktivitet. (*"føresegner om tilskot til anlegg og fysisk aktivitet"* V-07232-N).

Hordaland fylkeskommune legg særleg vekt på at

- Alle anlegg skal vera universelt utforma/tilrettelagt for personar med funksjonshemmning
- Anlegg for friluftsliv skal prioriterast

### Anleggsituasjonen i Kvinnherad


I Kulturdepartementet sitt anleggsregister ([www.idrettsanlegg.no](http://www.idrettsanlegg.no)) finn vi registrerte anlegg i Kvinnherad. Dei fleste av desse er godt brukande og ved rehabilitering og oppgradering til nyare standard, vil desse vera tenelege for mange føremål. Registreringane under er henta frå [www.idrettsanlegg.no](http://www.idrettsanlegg.no)

### Ordinære anlegg

Ordinære anlegg er anlegg for organisert idrett og fysisk aktivitet. I Kvinnherad kommune finn vi følgjande anlegg (for fullstendig oversikt over alle anleggseininger sjå [www.idrettsanlegg.no](http://www.idrettsanlegg.no)).


Fotballanlegg		
Stad	Type anlegg	Eigar
Rosendal idrettsanlegg	Grasbane	Kvinnherad kommune
	Kunstgrasbane	Kvinnherad kommune
Idrettsparken Søral	Grasbane	
Halsnøy idrettsplass	Grasbane	Kvinnherad kommune
Husnes idrettspark	Grusbane	Kinnherad kommune
	Grasbane	Kvinnherad kommune
	Kunstgrasbane	IL Trio
Heio idrettsanlegg	Grasbane	Uskedal idrettsanlegg
Herøysund idrettsplass	Grusbane	Herøysund idrettslag
Sandvoll	Grusbane	IL ternen
Matre	Grusbane	Matre IL
Ølve	Grusbane	IL Strand-Ulv
Hatlestrand oppvekstsenter	Grusbane	Kvinnherad kommune
Uskedalen skule	Grusbane	Uskedalen IL
Halsnøy skule	Kunstgrasbane	Kvinnherad kommune

I gjeldande kommunedelplan for idrett, friluftsliv og nærmiljøanlegg er det ei målsetjing at det i kvar av ungdomskulesonene skal vere grasbane. Det vert peika på at det manglar slik bane i Hatlestrandsona. Situasjonen i dag er at det på Halsnøy, Husnes og Rosendal er etablert kunstgrasbane i tillegg til eksisterande grusbanar. IL Strand-Ulv er i gang med å oppgradera Ølve grusbane til kunstgrasbane. Behovet for grusbanar/kunstgrasbanar i full storleik vil med denne oppgraderinga vera dekka. Gjeldande plan konkluderer med at det i kvar av barneskulekrinsane bør vera etablert grusbanar for ulike aktivitetar. Vi ser at fleire av desse grusbanane i dag er lite i bruk. Fleire stader i kommunen har frivillige organisasjonar starta arbeid med å etablira mindre kunstgrasbanar med speleflate på 40x60 meter på dei eksisterande grusbanane. Dette er banar som egnar seg godt til fotballtrening for dei minste og i mange høve vil minka presset på dei større banane. Etablering av mindre kunstgrasbanar i barneskulekrinsane bør prioriterast.




Friidrettsanlegg		
Stad	Type anlegg	Eigar
Husnes idrettspark	Friidrett - fast dekke	Kvinnherad kommune
Halsnøy idrettsbane	Friidrett - Grusbane	Kvinnherad kommune
Rosendal idrettsanlegg	Friidrett - Grusbane	Kvinnherad kommune
Herøysund idrettsplass	Friidrett - Grusbane	Herøysund IL
Heio idrettsplass	Friidrett - Delanlegg	Uskedalen IL

Det er pr. i dag 5 anlegg for friidrett med grus. Det er frå Rosendal og Husnes meldt inn behov for betre fasilitetar for denne idretten. På Husnes stadion er friidrettsanlegget oppgradert med fast dekke i 2014. Dette anlegget står krava til konkurranse på kretsniå. Rosendal turnlag har ei aktiv friidrettsgruppe og har behov for betre fasilitetar å trena på. Kvinnherad kommune bør prioritera å heva standarden på anlegg til friidrettstrening også i Rosendal. Det bør setjast i gang ein prosess mellom Kvinnherad kommune og Rosendal turnlag for å planleggja gode løysingar for anlegg for friidrett i Rosendal. Ei oppgradering av friidrettsanlegget i Rosendal til fast dekke bør vurderast opp mot å etablira eit mindre treningsanlegg for friidrett.



<b>Klatreanlegg</b>		
<b>Stad</b>	<b>Type anlegg</b>	<b>Eigar</b>
Uskedal aktivitetshus	Klatreanlegg – innandørs	Uskedal IL
Sunde skule	Klatreanlegg - innandørs	

Det er ikkje meldt inn behov for å etablera fleire klatreveggar i kommunen. Ein klatrevegg er ein flott tilleggsaktivitet i ein gymnastikksal eller idrettshall som ikkje krev utbygging. Initiativ om å etablera fleire klatreveggar i eksisterande bygg bør prioriterast.



<b>Symjeanlegg</b>		
<b>Stad</b>	<b>Type anlegg</b>	<b>Eigar</b>
Rosendal ungdomskule	Symjebasseng	Kvinnherad kommune
Husnestunet	Varmtvassbaseng	Kvinnherad kommune
Øyatun skule	Symjebasseng	Kvinnherad kommune
Undarheim skule	Symjebasseng	Kvinnherad kommune
Hatlestrand oppvekstsenter	Symjebasseng	Kvinnherad kommune



Den seinare tida har fleire av symjebassenga i Kvinnherad vorte rehabilert. Rosendal symjebasseng står for tur og er venta ferdig i løpet av 2014. Ikkje alle symjebassenga er universelt utforma, ein bør i planperioden kartleggje kva som skal til for å få dette til.

Skianlegg		
Stad	Type anlegg	Eigar
Fjellhaugen skisenter	Skisenter - Langrenn, alpint	Fjellhaugen skisenter AS
Tveitedalen skisenter	Skisenter - Langrenn	Ternen IL

Fjellhaugen skisenter ligg ved inngangen til Blådalen, eit område som er mykje nytta til friluftsliv både sommar og vinter. Fjellhaugen skisenter er einaste større skitrekk i Sunnhordland, der det er tilrettelagt for langrenn og alpint. Anlegget har m.a. 2 lysløyper på tilsaman 5 km, skitrekk med tallerkentrekk, lys og 100 meter løype. Det er eit eige skitrekk for born, mini halfpipe for snowboard og varmestove med toalett. Anlegget er utstyrt med snøkanon som sikrar meir stabile snøtilhøve på ettermiddagen. Det er kvista løyper mot Blådalen og Folgefonna. Det er behov for oppgradering og investeringar i Fjellhaugen.

Mellan anna er det planlagt ferdigstilling av arenabygg, skileikanlegg, nye armaturar og ljósmaster, nytt billettsystem, skiband til barnetrekk og alpinmaskin. I plan for idrett, friluftsliv og kulturanlegg i Sunnhordland er Fjellhaugen skisenter prioritert som eit regionalt skianlegg. Utbygging av Fjellhaugen skisenter bør i framtida organisert som eit offentleg privat samarbeid og kommunal medfinansiering bør løvvast over det kommunale investeringsbudsjettet


Tveitedalen skisenter er eit allbruksanlegg for idrett og friluftsliv til sommar og vinterbruk. IL Ternen nyttar anlegget til skitrening og skirenn for skigruppa og ulike trenings-, tur og friluftsaktivitetar for born og unge. IL Ternen har nyleg etablert skileikanlegg i Tveitedalen. I tillegg planlegg dei utbetring av lysløype, opprusting av lagshytta Ternebu og opparbeidning av ny turløype i Handelandsdalen-Tveitedalen til sommar og vinterbruk.

Ei opprusting av dei eksisterande skianlegga er naudsynt og bør prioriterast i planperioden.




Skyteanlegg		
Stad	Type anlegg	Eigar
Ølve	Skytebane (innandørs)	Hatlestrand og Ølve skyttarlag
	Skyteanlegg (utandørs)	
Seimsfoss	Skytebane (innandørs)	Kvinnherad skyttarlag
Halsnøy	Skytebane (innandørs)	Høylandsbygd skyttarlag
	Skytebane (Utandørs)	
Husnes	Skyteanlegg (utandørs)	Husnes Skytterlag
	Skytebane (innandørs)	
Handelandsdalen	Skyteanlegg (utandørs)	Valen skytterlag
Midthølen	Skyteanlegg (utandørs)	Kvinnherad skyttarlag
Varaldsøy	Skyteanlegg (utandørs)	Vareld skyttarlag

Det er god dekning av skyteanlegg i alle delar av kommunen. Kvinnherad skyttarlag kjøpte i 2013 Seglem skule. Her planlegg dei miniatyrskytebane. På sikt ynskjer dei skytesimulator og ein større innandørs skytebane på baksida av huset. Huset inneheld også gymnastikksal, garderobar og møterom.




Idrettshallar		
Stad	Type anlegg	Eigar
Uskedalen idretts og aktivitetshus	Fleirbrukskall - Volleyballhall	Uskedal aktivitetshus AS
Rosendal samfunnshus	Fleirbrukskall - Volleyballhall	Kvinnherad kommune
Hatlestrand	Fleirbrukskall - Volleyballhall	IL Strand-Ulv
Halsnøy	Fleirbrukskall - Volleyballhall	Kvinnherad kommune
Husnes	Fleirbrukskall - Handball	Kvinnherad kommune

Det er i alle ungdomskulesonene oppført idrettshallar. Det er meldt om at det er for lite hallflater og sprengt kapasitet både i Rosendal og på Husnes. Særleg slit Kvinnherad handballklubb med få nok tid i Husneshallen, som er den einaste hallen som fyller krava til handballspel. Det bør i planperioden byggjast nye hallflater i Rosendal og på Husnes. Desse flatene må vera store nok til at Kvinnherad handballklubb kan ha nytte av dei.



Andre anlegg		
Stad	Type anlegg	Eigar
Undarheim golfbane	Golfbane 9 hol	Kvinnherad golfklubb
Husnes	Kvinnherad rosenter	Kvinnherad roklubb
Valen	Ridebane	Valen hestesenter /ritell
Rosendal	Ridehall	Privat eigar
Halsnøy	Ridebane	
Husnes	Helsestudio	Trim X
Rosendal	Helsestudio	Rosendal turnlag

I desse anlegga er det ikkje meldt inn behov for betre eller fleire fasilitetar. Eksisterande anlegg tilfredsstiller behova.




### Folgefonnabanen – Planlagt anlegg

Kvinnherad motorsportklubb arbeidar med byggesteg 1 som er ein Krossbane der ein kan drive aktivitetar som trail, Enduro med fleire. Vidare planlegg dei følgjande byggetrinn.

- Trinn 2: Gokartbane med moglegheit for rulleskitrening
- Trinn 3: Arenahus og lysanlegg
- Trinn 4: Større hastighetsbane på dagens areal utan å flytte fylkesveg
- Trinn 5: Fullverdig høghastighetsbane, utan glattkjøringsbane

Kvinnherad kommune skal i planperioden stø opp om arbeidet med folgefonnabanen

## Nærmiljøanlegg



Nærmiljøanlegg er enkle anlegg eller område for eigenorganisert fysisk aktivitet i tilknyting til buområde, oppholdsområde eller skuleområde. Dette er utandørs anlegg. Det er primært ment for born og ungdom (6 – 19 år), men kan og nyttast av resten av lokalsamfunnet. Eit nærmiljøanlegg er ikkje bygd for organisert idrett og konkurranseidrett. Ordinære leikeplassar vert ikkje rekna som nærmiljøanlegg. I Kvinnherad er det registrert 176 anleggseininger med status som nærmiljøanlegg

Anleggsregisteret syner at det i Kvinnherad er registrert 62 nærmiljøanlegg i Kvinnherad i kategorien aktivitetsanlegg. I tillegg kjem Nærmiljøanlegg som er klassifisert som friluftsanlegg.

Nærmiljøanlegg		
Stad	Type anlegg	Eigar
Heile Kvinnherad	Balløkke (27 stk.)	
Heile Kvinnherad	Ulike småanlegg (17 stk.)	
Undarheim skule	Ballbinge	Kvinnherad kommune
Malmanger skule	Ballbinge	Kvinnherad kommune
Skeishagen budstaffelt	Ballbinge	Skeishagen velforening
Brekke ballbinge	Ballbinge	Fjellberg bygdalag
Bringedalsbygda skule	Ballbinge	Kvinnherad kommune
Hauge oppvekstsenter	Ballbinge	Høylandsbygd bygdalag
Sætre skule	Ballbinge	Kvinnherad kommune
Valen skule	Ballbinge	Valeparken
Troåslia	Akeanlegg	
Ølve	Sandvolleyballbane	IL Strand-Ulv
Herøysund	Sandvolleyballbane	Herøysund IL
Hatlestrand	Sandvolleyballbane	Kvinnherad kommune

Åkra	Sandvolleyballbane	Kvinnherad kommune
Idrettsparken Sørål	Sandvolleyballbane	Sørål BIL
Høylandsbygd	Sandvolleyballbane	Høylandsbygd bygdalag
Troåslia nærmiljøanlegg	Akeanlegg	Troåslia borettslag
Rosendal	Apejungel	Rosendal idrett og fritidspark

Det er registrert mange balløkker i Kvinnherad. Status på kor mange av desse som er i bruk er ikkje registrert. Det er og registrert ulike småanlegg, det er gjerne mindre leikeplassapparat, desse er ikkje med i oversikta. Elles er det stor overvekt av ballbingar og sandvolleyballbanar i det registrerte materialet.


I Regional plan for folkehelse vert det lagt vekt på at helsevennleg lokalsamfunnsutvikling skal bidra til at befolkninga kan få dekt ulike behov i eige bu og nærmiljø, uavhengig av alder og livsfasar, etnisk bakgrunn og fysisk funksjon. Utforming av bygningar, bustadmiljø og offentlege rom kan bidra til å fremja gode møteplassar og leggja til rette for samvær og aktivitetar for folk i alle aldrar og befolkningsgrupper.

Gode og trygge uteareal verkar positivt på den fysiske, psykiske og sosiale utviklinga hos born.

Leikeplassar og område for fri leik, både i nærmiljøet og rundt barnehagar og skular er av verdi for oppvekstvilkåra til born og unge. Ungdom har gjerne andre behov for aktivitet enn barn.

Ved utbygging av nærmiljøanlegg i Kvinnherad kommune bør ein i større grad stimulera til at slike anlegg vert bygd ut i ein heilhet, gjerne i forbindelse med skule, oppvekstsenter og anlegg for organisert idrett. Anlegga bør fungera som gode møteplassar og innehalda anlegg for folk i alle aldrar.

Rosendal, Valen, Fjellberg, Hatlestrand og Valen er i gang med planlegging og bygging av "nærmiljøparkar". Felles for desse prosjekta er at dei planlegg fleire



anlegg i ein samanheng og at parkane skal vera gode møteplassar i bygdene på tvers av alder. Desse anlegga bør prioriterast høgt. Ved framtidige søknader om nærmiljøanlegg bør ein slik tankegang vektleggjast.

### **Kommunale leikeplassar**

Kvinnherad kommune har som eigar ansvar for tilsyn og vedlikehald av 32 leikeplassar i barnehagar og skular. I tillegg er det leikeplassar ved Matre skule og Fatland aktivitetshus. Det er gode rutinar med tilsyn, men det er ikkje avsett nok midlar til naudsynt vedlikehald og fornying. Svært mange leikeplassar treng opprusting for å vera i samsvar med krav til sikring. I Kvinnherad kommune vert leikeplassane årleg kontrollerte av kvalifiserte tilsette i Tekniske tenester. Kontrollen skal verka førebyggjande, og målsetjing er å hindra ulukker.

Tekniske tenester har utarbeidd statusrapport for leikeplassane. I tillegg til det som er lista opp, er det trong for jamleg vedlikehald med t.d. fallunderlag. Mange leikeplassar er ikkje i den stand føreseggnene krev.

I kommunale barnehagar og skular kan delar av leikeplassane nyttast av born i rullestol. Røynsle syner at det har vore for lite fokus på universell utforming. Det har medført at opparbeidde uteområde i etterkant må leggjast til rette for barn med særskilde behov.

### **Tilskot til utedmiljø for skular og barnehagar**

I åra 1998 – 2001 vart avsette midlar til utedmiljø i stor grad nytta til å sikre uteområda ved skular og barnehagar. I 2002 vart det vedteke retningsliner som grunnlag for prioriteringar av midlane til utedmiljø, for å sikra effekt av midlane. Frå 2009 vart midlane ikkje vidareført i budsjettet. Det er stort behov for oppgradering av uteområda på skulane. Planen legg difor opp til at den ordninga vert innført på nytt.

### **Friluftsområde**

Nasjonal handlingsplan for statleg sikring og tilrettelegging av friluftsområder legg opp til at friluftsområde skal kartleggast og verdsetjast. Kartlegging av områder som kan vera aktuelle for statleg sikring, gjer det enklare for staten og velja ut dei viktigaste områda. Område som er aktuelle for statleg sikring vil og betre kunne samanliknast med kvarandre. Vidare vil ein i samfunns og arealplanlegging få eit betre kunnskapsgrunnlag for avgjersler som berører friluftsverdiar. Hordaland fylkeskommune gjennomførte i 2008 prosjektet "Kartlegging og verdsetjing av regionale friluftsområde i Hordaland". I Kvinnherad vart 16 område gjennomgått og 9 område vart karakterisert med viktig eller særskilt viktig verdi for friluftsliv

Område	Områdetype	Verdisetting	Merknad
Fjellhaugen	Utfartsområde	B: Viktig	Skianlegg og lysløype
Geitaknottane	Særlige kvalitetsområder	C: Registrert	Stor salamander
Klosterfjorden	Strandsona	B: Viktig	
Maurangs-fjorden	Strandsona	C: Registrert	
Ølse	Strandsona	C: Registrert	
Skorpo	Strandsona	B: Viktig	
Englafjell - Mjelkhaug	Store turområde utan tilrettelegging	B: Viktig	
Barmasåta-Tverrfjellet	Utfartsområde	C: Registrert	
Blådal	Utfartsområde	C: Registrert	
Ulvanoso	Utfartsområde	A: Svært viktig	Regionalt område for klatring og toppturer på ski
Halsnøy	Strandsona	A: Svært viktig	
Halsnøy sør	Strandsona	A: Svært viktig	
Husnes	Strandsona	B: Viktig	
Snilstveitøy	Strandsona	B: Viktig	Jettegryter og slipte formasjoner etter breen
Rosendalsfjella Folgefonna	Store turområde utan tilrettelegging	A: Svært viktig	Regionalt område for toppturer på ski
Varaldsøy	Strandsona	C: Registrert	Kulturlandskap m/ grotter og Norges største barlind

## Statleg sikra friluftslivsområder



Foto: Leif Ripei

Eit sikra område er eit område som er sett av til føremålet. Stat eller fylke eig område og det føreligg bruksavtale med grunneigar. Eit sikra område skal vera skilta og med høve for parkering. Det skal kunna utførast skjøtsel av område.

Naturbasen er eit fagsystem som er forvalta av Direktoratet for naturforvaltning (DN). Her finn ein data om natur og friluftsliv og oversikt over friluftsområde som er sikra for allmenn bruk ved at staten har kjøpt dei eller kjøpt seg særlege rettar i dei. Dei fleste områda har regional status og Friluftsrådet Vest forvaltar desse områda på vegne av kommunen. Friluftsrådet Vest har i samarbeid med Kvinnherad kommune utarbeida forvaltningsplanar for dei regionale friområda.

Område	Brukerggrupper	Sikra	Drift
Neslia – Røyneholt	Lokalt	Statleg	Kvinnherad kommune
Nordre Kalven	Regionalt	Statleg	Friluftsrådet vest
Lykelsøya	Regionalt	Statleg	Friluftsrådet vest
Kolsøy	Regionalt	Statleg	Friluftsrådet vest
Vetle lauvøya	Regionalt	Statleg	Friluftsrådet vest
Ferjevågen	Regionalt	Statleg	Friluftsrådet vest
Malmangervikjo	Lokalt	Statleg	Friluftsrådet vest
Slettaneset - Høylandsbygd	Lokalt	Statleg	Kvinnherad kommune
Vikjo - Dimmelsvik	Regionalt	Statleg	Friluftsrådet vest
Hille	Regionalt	Statleg	Friluftsrådet vest

Valestiftinga og Friluftsrådet Vest er godt i gang med å sikra Valeøya som friområde. Det er komme innspel om at Sild også må sikrast.

## Lokale friområde

Lokale friområde	Eigar	Drift
Kaldaneset, Husnes	KK	Kvinnherad kommune
Borvika, Husnes	KK	Kvinnherad kommune
Naustbakken, Valen	KK	Kvinnherad kommune
Gulholmsvika, Uskedalen	KK	Kvinnherad kommune
Hestasletta, Rosendal	KK	Kvinnherad kommune
Slettanes, Høylandsbygd	KK	Kvinnherad kommune
Langanes, Høylandsbygd	KK	Kvinnherad kommune
Porsvika, Valen	KK	Kvinnherad kommune
Husaskjæret, Ølve	Privat	
Røynholm, Rosendal	KK	Kvinnherad kommune
Malmangervikjo, Rosendal	KK	Kvinnherad kommune
Berget, Herøysund	KK	Kvinnherad kommune
Korsneset, Uskedalen	KK	Kvinnherad kommune

Det bør i planperioden utarbeidast status og plan for oppgradering og forvaltning av dei lokale friområda. I samarbeid med friluftsrådet Vest bør det kartleggast om det er andre område som også bør sikrast, å vurdera om dette skal gjennomførast som ei statleg sikring. Sild er eit område som særleg bør vurderast i denne samanheng. Det er sikra område til bading i dei fleste bygdene i Kvinnherad med unntak av i Sundal og på Sunde. Det er eit mål at dette vert utført i planperioden

### Tilrettelegging av friområde

Områda kan vera urørde eller vanskelege for tilrettelegging. Tiltak kan vera parkering, skilting, bålpllassar, brygger, stiar, toalett, informasjonstavler, søppelstativ, bord og benkar. Nokre av områda er lagt til rette for funksjonshemma. Det er ei målsetjing at fleire av dei lokale og regionale friområda vert universelt utforma.

### Utfordringar innan anleggsbygging i Kvinnherad

I 2009 handsama kommunestyret sak om kommunen sitt engasjement ved utbygging av idretts- og kulturanlegg. Følgjande vedtak vart fatta:

1. Komité for oppvekst, kultur og idrett er fagansvarleg for bygging av idretts- og kulturanlegg i Kvinnherad kommune. I særlege høve der kommunestyre/formannskap gjer vedtak om prioritering eller økonomisk løyving til anlegg skal saka først handsamast av OKI.
2. Alle prioriteringar av spelemidlar til private og kommunale anlegg vert gjort i OKI.
3. OKI prioritærer kommunen sine økonomiske bidrag til anleggsbygging gjennom ordninga byggetilskot til private kultur og idrettsanlegg.
4. Kommunale kultur og idrettsanlegg vert finansiert gjennom kommunal økonomiplan.
5. Byggetilskot vert ført tilbake som Kvinnherad kommune sitt bidrag i anleggsutbygging i Kvinnherad frå budsjettåret 2009 og vert sett av på driftsbudsjettet på til vanleg 1 000 000,-
6. Kvinnherad kommune vidareførar ordninga med garanti for lån som private utbyggjarar tek opp som eigenkapital og mellomfinansiering i prosjekt som er finansiert av spelemidlar og/eller byggetilskot. Det er ein føresetnad for garantien at utbyggjarstiller tilfredstillande sikkerhet for rentekostnadane fram til lånet er innfridd.
7. Kvinnherad kommune forskoterer ikkje spelemidlar til private utbyggjarar
8. Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og nærmiljø vert snarast rullert.

Vedtaket er førande for korleis Kvinnherad kommune skal handtera spørsmål om anleggsutbygging for private og korleis ein skal finansiera kommunale anlegg.

### **Kven byggjer og rehabiliterer anlegg i Kvinnherad?**

Hovudtyngda av anleggsutbygging i Kvinnherad vert gjort av private lag og organisasjonar. Vi har spurt verksemndene i Kvinnherad kommune om planar for utbygging. Svara syner at anleggseigarane ikkje har planar om nybygg eller rehabilitering av sine anlegg 10 - 20 år fram i tid. Svara frå idrettslaga syner at mange har planar om nyinvesteringar og rehabilitering av anlegg. Dette gjeld anlegg laga eig sjølv og anlegg eigmeld av kommunen. Funna fortel at det manglar ei heilsakapleg planlegging og utvikling av anlegg i Kvinnherad kommune som organisasjon.

Undersøking i idrettslaga syner:

#### **Forventningar til Kvinnherad kommune**

- Det skal løvvast kommunale tilskot til private utbyggjarar
- Fokus skal vera ei sterkare satsing på idrett og fysisk aktivitet ved auka idrettsfagleg kompetanse.

Lag og organisasjonar sitt ansvar.

- Laga må gjennom Idrettsrådet vera pådrivarar for å få anlegga med i Idrettsplanen
- Laga må vera aktive i å betra treningslokala
- Laga må definera og visa eit behov og ta lokalt ansvar

- Laga skal ta initiativ til anleggsutbygging i sitt område
- Laga må gjera sitt til at eksisterande anlegg vert vedlikehaldne
- Laga må vera aktive i å finansiera sin del av anlegga
- Laga står for dagleg drift av sine anlegg
- Laga må sikra breiddeidrett i kommunen og leggja til rette for fysisk aktivitet for ei variert brukargruppe
- Laga må møta fram til lokale dugnader
- Laga skal saman med særkretsane leggja til rette for kompetanseheving av leiarar og trenarar

Tilbakemeldingane syner mellom anna kva laga ser på som sitt ansvar innan anleggsbygging.

Laga definerer at dei har ei rolle i høve til planlegging, anleggsbygging, økonomi og drift. Det er positivt og gjev grunnlag for eit samarbeid mellom laga og kommunen. Idrettsrådet skal vera ein sentral aktør.

Ein strategi for å utvikla dette arbeidet er å få samla ansvaret i ei verksemd som har heilsakleg syn for anleggsutvikling av kommunale anlegg. Tenesta skal og arbeida med utvikling av private idrettsanlegg gjennom spelemidlar og andre verkemiddel ovanfor private utbyggjarar.

Dei siste åra har det kome fleire private initiativ om rehabilitering av kommunale anlegg og/eller private initiativ til nye kommunale anlegg. Døme er Rosendal kunstgras, fast dekke på friidrettsbanen på Husnes og Halsnøy kunstgrasbane. Røynsler så langt fortel at vi har trong for å utvikla eit formelt samarbeid med struktur. Det er Tekniske tenester som har ansvaret for kommunale anlegg.

### **Offentleg – privat samarbeid om utbygging og rehabilitering av anlegg**

I dei siste åra har det kome private initiativ om rehabilitering av kommunale anlegg og/eller private initiativ til nye kommunale anlegg. Brukarane av anlegga ynskjer ei forbetring av kvaliteten på kommunale anlegg. Laget går inn i prosessen med kunnskap og ressursar i form av prosjektarbeid, dugnadsinnsats og eigenkapital. Av kommunen vert det forventa finansiering, prosjektleiing og økonomistyring. Døme på dette er Rosendal kunstgrasbane og friidrettsbanen på Husnes.

FAU er ofte initiativtakar for bygging og rehabilitering av skuleanlegg, ballbingar, klatreanlegg og aktivitetsanlegg. Fleire skular har i samarbeid med FAU bygd og rehabiliterert anlegg. Omvikdal IL og Omvikdal oppvekstsenter samarbeider om treningsrom og lagerrom, Husnes skyttarlag har gradert opp miniatyrskytebanen i Kulturhuset Husnes. Av andre samarbeidsprosjekt finn vi Halsnøy kunstgras på Sætre skule, Rosendal friidrettsbane og rehabilitering av fotballbane, friidrettsbane og etablering av turveg på Husnes idrettssenter. Det er eit heilt klart behov for å rydda opp i kva anlegg som skal vera offentleg eigde anlegg og kva anlegg som skal vere private då dette har konsekvensar for korleis

initiativtakarane /utbyggjarane skal gå fram med tanke på kommunal medfinansiering og utbygging.

Utbygging av nærmiljøanlegg i tilknyting til skule og barnehageanlegg er av stor nytteverdi for kommunen. Skular/barnehagar får auka kvaliteten på uteområdet sitt og bygda får ein møtestad som stimulerer til fysisk aktivitet på fritida. Slike anlegg bør byggast ut i eit offentleg – privat samarbeid og kommunal medfinansiering/eigenandel bør avklarast i økonomiplanarbeidet.

Rehabilitering og utbygging av kommunale idrettsanlegg etter initiativ frå idrettslaget bør byggast ut i eit offentleg – privat samarbeid og privat medfinansiering/eigenandel bør avklarast i økonomiplanarbeidet.

Etter utbygging bør Kommunen stå som eigar av anlegga og det må utarbeidast klare avtalar med initiativtakar om drift, kvalitetssikring og vedlikehald.

## **Finansiering av idrettsanlegg**

### **Spelemidlar**

Spelemidlar utgjer store delar av finansieringsgrunnlaget for private og offentlege anlegg til idrett og fysisk aktivitet. Det er kulturdepartementet sine føresegner og krav til søkjar som er grunnlaget for tildeling. Dersom desse krava er oppfylte, vil søker motta spelemidlar – før eller seinare. Hovudregelen for finansiering er at spelemidlar dekkjer 1/3 av godkjende kostnader (50 % til nærmiljøanlegg).

Anna finansiering av anleggsutbygging kan vera dugnad, eigenkapital, lån, gåver og tilskot frå kommune og fylke. Det er ingen føringar for anna finansiering. Til no har ein nytta 1/3 regelen med fordeling mellom kommunale midlar, laget sine eigne midlar (eigenkapital, dugnad, gaver) og spelemidlar.

### **Kommunalt byggetilskot**

Kvinnherad kommune sitt verkemiddel for at private lag og organisasjoner har tatt på seg store oppgåver innan bygging og rehabilitering av anlegg i Kvinnherad kommune er byggetilskot. Gjennom byggetilskot har Kvinnherad kommune delteke i finansiering av kultur og idrettsanlegg med 1/3 av samla kostnad. For anlegg som kan søkje om momskompensasjon kan ein søkje om halvparten av totalkostnad etter at forventa tilskot frå spelemiddlar og forventa momskompensasjon er trekt frå.

Vedtak om å føra tilbake byggetilskotet som ein eigen post på driftsbudsjettet med til vanleg 1 000 000,- er ikkje følgt opp i budsjettet. Kultur og fritid har innanfor rammene sidan 2009 sett av ein mindre sum til føremålet.

Spelemiddelsøknadene i 2013 har ein kostnad på kr 13 500 000 (i tillegg kjem anlegg under planlegging). Dette er verdiar som i stor grad vert skapt av eldsjeler i lag og organisasjoner.

Mykje vert gjort på dugnad og denne arbeidsforma er viktig for lokal identitet og trivsel. Det er i 2013 planlagt 17 private idrettsanlegg. Alle desse er aktuelle for å søkje om byggetilskot. Grunna reduserte løyingar dei siste åra er det eit stort etterslep på utbetalingar til ferdigstilte anlegg. Konsekvensen av dette er at nye anlegg ikkje får løyvd byggetilskot og det vert vanskeleg å få godkjend spelemiddelsøknad. Private kan søkje om kommunal medfinansiering gjennom kommunalt byggetilskot. Øvre grense for byggetilskot er 500 000,-, søknad om tilskot over dette må behandlast særskilt i samband med budsjettarbeid.

### **Momskompensasjon for private anlegg**

I 2010 vart det etablert ei ordning for momskompensasjon for bygging av idrettsanlegg. Ordninga gjeld bygging eller rehabilitering av idrettsanlegg, nærmiljøanlegg og anlegg for friluftsliv i fjellet som er starta etter 01. januar 2010. Lotteri og stiftelsestilsynet forvaltar ordninga. Ordninga omfattar alle som fyller vilkåra for og mota spelemedialar til idrettsanlegg, med unntak av kommunar/fylkeskommunar og kommunale føretak. Det må føreliggja ein godkjend spelemiddelsøknad før det kan søkjast om kompensasjon av meirverdiavgift.

### **Intern organisering av anleggsarbeidet i Kvinnherad**

Arbeidet med anleggsutvikling i Kvinnherad vert i dag utført av fleire verksemder og på fleire nivå. Det er fleire kontaktpunkt:

- Skulane har driftsansvar for sine skuleområde
- Tekniske tenester har ansvar for kommunale bygg, medrekna symjehallane
- Verksemda Kultur og fritid har ansvaret for spelemedialar og kontakten med frivillige lag, planlegging og utvikling i høve til Kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv og for kommunal medfinansiering av private anlegg (byggetilskotet)
- Verksemda for samfunnsutvikling har ansvar for byggesak og eit overordna planarbeid, mellom anna ved at det er avsett areal til føremålet
- Rådmannen legg fram økonomiplan og budsjett

Vi manglar i dag ein plan for rehabilitering av kommunale anlegg. Idretts- og anleggsutbygging krev ein samordna plan og vi ser klart trong for å samla arbeidet med anleggsutvikling i ei verksemde med idrettsfagleg kompetanse.

### **Kompetansebygging**

Kvinnherad kommune treng tilsette med idrettsfagleg kompetanse. Dette gjer vi fordi idretten og Kvinnherad kommune treng kompetanseheving.

Vektlagde område er:

- Søkjarkurs spelemedialar
- Treningskontakten sitt arbeid
- Motivasjonskurs, erfaringsutveksling og hospitering
- Utviklingsmidlar til trenar og leiarutvikling

Tekniske tenester, Kultur og fritid og Verksemelding for samfunnsutvikling må finna fram til ei føremålstenleg ordning slik som omfattar:

- Overordna planarbeid for utvikling av kommunale og private anlegg
- Syta for drift av kommunale anlegg
- Spelemidlar for alle anlegg
- Byggetilsot til private anlegg
- Økonomiutvikling på feltet
- Kontakt med Friluftsrådet Vest
- Drift av kommunale friområde
- Samarbeid med Folgefonna nasjonalpark

## **Husnes idrettssenter**

Det er komne innspel i prosessen om vidare arbeid med Husnes idrettssenter.

Bakgrunn for prosjektet er Kommunale handlingsplanar frå 1980 talet der Husnes vert utpeika til å vera kommunen sitt skule og idrettssenter.

Det vart teke initiativ frå IL Trio om ei sterkare satsing innan idrettsutbygging på Husnes. Formannskapet gav i sak 05/0004 av 13.01.05 mandat til vidare arbeid med prosjektet Husnes Idrettssenter. Levekårskomiteen var den gongen styringsgruppe. Arbeidsgruppa skulle utarbeida eit forprosjekt våren 2005, ein analyse som innspel til kommuneplanen, både verbal og arealdelen.

Arbeidet stoppa opp og det har ikkje vore stor aktivitet i dette arbeidet dei siste åra. Det bør startast ein prosess der arbeidet med Husnes idrettssenter vert teken opp at.

## **Regional plan for idretts og kulturanlegg**

Samarbeidsrådet for Sunnhordland tok i 2001 initiativ til ein regional plan for idrett, friluftsliv og kulturanlegg. Bakgrunnen er ynskje om betre samarbeid om defineringa av regionale anlegg, planlegging av nye regionale anlegg og om utviklinga av anlegg som vert definert som regionale. Den første prioriteringslista for idrett, friluftsliv og kulturanlegg for Sunnhordland vart vedteke i styret i Samarbeidsrådet for Sunnhordland 26. januar 2001. Seinare er planen rullert og revidert annakvart år. Målet med planen er å syna heilskapen i anleggsutbygginga og betra tilbodet for fastbuande og tilreisande. Vidare vil ein skapa ein struktur i satsinga med god utvikling og breidde i tilboda. Det er viktig at planen opnar for samarbeid på tvers av kommunegrensene, slik at det vert høve til å satsa på anlegg som kommunane ikkje kan vera åleine om. Det er viktig at det er ei felles forståing for regionale anlegg og kva dette inneber.

Planen viser kva idrettsanlegg som bør byggjast i regionen.

- Fotballhall
- 50 m. symjebasseng

Begge desse anlegga kan vera aktuelle å plassera i Kvinnherad og behov for dette bør vurderast i samband med vidare planlegging av Husnes idrettssenter.

I Kvinnherad er desse idrettsanlegga prioriterte som regionale anlegg. Det vil sei at anlegga vert rekna som dei regionale anlegga i Sunnhordland.

1. **Fjellhaugen skisenter**
2. **Folgefonnabanen, Kvinnherad motorsportsenter**
3. **Kvinnherad rosenter**

Det er særleg viktig at Kvinnherad kommune tek godt vare på dei regionale anlegga som ligg i Kommunen. Der det er fleire anlegg av same type bør dei regionale anlegga ha høg prioritet. Kvinnherad kommune må og jobba medvite med at anlegg som av samarbeidsrådet for Sunnhordland er prioritert som regionale, også får denne statusen i Hordaland fylkeskommune.

## Oppsummering

Ein framtidsretta idrettspolitikk i Kvinnherad har som mål at alle skal kunna delta og vera aktive i idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv på alle nivå. Deltakinga er ei kjelde til glede, overskot og mestring. Idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv handlar og om sosialt fellesskap, om gode oppvekstkår og om gode helse.

I arbeidet med planen kjem det fram store forventningar til ei sterk offentleg medverknad på anleggssida, rehabilitering og vidare utbygging. Det same gjeld utvikling og drift.

Dette kjem klart fram på desse områda:

- Rehabilitering og auka vedlikehald av kommunale anlegg
- Finansiering av nye kommunale anlegg
- Auka økonomisk støtte til private utbyggjarar
- Anlegg for eigenorganiserte aktivitetar, for dei som ikkje nyttar tilboda som er i dag
- Investering og drift av anlegg for annan fysisk aktivitet
- Auka kompetanse, støtte og rettleiing for å kunna halda oppe ei god og varig drift

Dei økonomiske rammene frå stat og kommune har vore avgrensa. Det er eit stort etterslep på spelemidlar til idrettsføremål. Det same gjeld kommunale løyingar. Dette fører til at offentlege tilskot ikkje er tilstrekkelege for å imøtekoma lokale behov, forventningar og investeringsvilje.

Store forventningar og avgrensa midlar krev ei streng prioritering. Innhaldet i planen legg eit grunnlag for ein idrettsutvikling i åra framover der grunnlaget er:

At Kvinnherad kommune tek eit sterkare ansvar for eigne anlegg, rehabilitering, drift og nye anlegg

Ei sterkare satsing på tiltak som styrker fokehelsa gjennom natur-, kultur- og helseaktivitetar. Planen framhevar verdien av fysisk aktivitet for folk si helse og trivnad

Betre rammevilkår for private utbyggjarar der Idrettsrådet har ein viktig samlande funksjon og som høyringsorgan for idrettsfaglege spørsmål i Kvinnherad kommune

## **Handlingsprogram 2014-2022**

Publisert i eige hefte